



Nissedal kommune

Eining for skule

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
«REF»	2019/1006-3	Reidun Carol Retterholt,35048482 reidun.retterholt@nissedal.kommune.no	033	28.10.2019

Innkalling til FAU-møte 04.11.19

Hei,
Det blir møte i FAU måndag 4. november kl 18-20

Saker:

1. Status utviklingsarbeid på skulen
2. Storforeldremøte 27.01.20 – Marit Tørstad «Bekymringsfullt fråvær og livsmeistring»
3. Trafikksikringsplanen – til orientering (vedlegg)
4. Resultat Nasjonale prøver – hausten 2019
5. Sak om lærar på Polentur. Er dette eit ønskje frå foreldra?
6. Utkast til Plan for heim-skulesamarbeid er vedlagt. Gjennomgang av denne og innspel til gruppa.
7. 17. mai-gruppe. Er det gode nok rutiner? God nok overgang mellom klassene?
8. Informasjon om Visma og anmerkingar
9. Eventuelt

Vel møtt! :)

Med helsing

Reidun Carol Retterholt
Rektor Tveit skule/Nissedal ungdomsskule

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.



Nissedal kommune

Eining for skule

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
«REF»	2019/1006-4	Reidun Carol Retterholt,35048482 reidun.retterholt@nissedal.kommune.no	033	28.10.2019

Ettersending vedlegg til FAU-møte 04.11.19

Beklagar, her gjekk det fort i svingane.
Her er vedlegga til FAU møte.

Med helsing

Reidun Carol Retterholt
Rektor Tveit skule/Nissedal ungdomsskule

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

Vedlegg:

- 1 Trafikkopplæringsplan for skulane i Nissedal kommune
- 2 Skisse - Plan for heim-skule-samarbeid Tveit skule



Trafikkopplæringsplan for skulane i Nissedal kommune



Denne planen er ein del av Nissedal kommune sin

HANDLINGSPLAN FOR TRAFIKKSIKRING I NISSEDAL KOMMUNE 2019-2020

VISJON for trafikksikringsarbeidet: 0 drepne og 0 alvorleg skadde i
trafikken i Nissedal.

Trafikk i Kunnskapsløftet

I generell del av læreplanen står det mellom anna at skulen skal *ruste barn til å møte livets oppgåver og mestre utfordringar samen med andre. Den skal gje kvar elev kunnskap til å ta hand om seg sjølv og sitt liv.* Vidare står det at opplæringa må *tilføre holdningar og kunnskapar som varer livet ut og lære dei unge å sjå framover og øve evna til å treffe val med fornuft.* Læreplanen dannar eit grunnlag for at alle barn og unge skal få ein felles, kontinuerlig og god trafikkopplæring, men dette må følgjast opp ved den enkelte skule.

Kompetansemål i kroppsøving etter 4. trinn

Elevane skal kunne følgje trafikkreglar for fotgjengarar og syklistar.

Kompetansemål i kroppsøving etter 7. trinn

Elevane skal kunne praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel.

Kompetansemål i kroppsøving etter 10. trinn

Trafikk og framkomstmiddel er ikkje spesifikt nemnt, men kan likevel knytast opp mot enkelte kompetansemål.

Årleg trafikkopplæring

1. trinn: Utdeling av ransel med refleksar og informasjonsbrosjyre frå Trygg trafikk ved innskriving eller 1. skuledag.

Trafikkopplæring for fotgjengarar/busspassasjerar.

1.-4. trinn: Trafikksikringsopplæringa skjer med utgangspunkt i Trygg trafikk sine nettsider. Desse er differensiert i forhold til dei ulike trinna. Me nyttar bokverk og læringsmål knytt til faga norsk, samfunnsfag og kroppsøving som har trafikk og sikring som tema og oppgåver.

Tveit skule: Opplæring i ferdsel ved trafikkert veg med og utan gangveg/kryssing av veg. Politibesøk og sykkelprøva i 4. klasse.

Kyrkjebygda: 3 års-rullering: Eigen trafikk- og sykkelveke der ein nyttar enkelte fags undervisningstimar til trafikkopplæring, sykkelferdighet og sikkerhet. Besøk av politi som gjennomfører sykkelkontroll. Nyttar nettsidene og materiell frå Trygg trafikk saman med læreøkene.

5.-7. trinn: Trafikksikringsopplæringa skjer med utgangspunkt i Trygg trafikk sine nettsider. Desse er differensiert i forhold til dei ulike trinna. Me nyttar bokverk og læringsmål knytt til faga norsk, samfunnsfag og kroppsøving som har trafikk og trafikkikkerheit som tema og oppgåver.

8.-10. trinn: Trafikksikringsopplæringa skjer med utgangspunkt i Trygg trafikk sine nettsider. Desse er differensiert i forhold til dei ulike trinna. Me nyttar bokverk og læringsmål knytt til faga norsk, samfunnsfag og kroppsøving som har trafikk og sikring som tema og oppgåver.

"Ikkje tøft å være død" – ei førestilling frå Røde kors – kvart 3. år.

"Flytte heimanfrå-dagen" i 10. klasse kvar vår. Ein temadag som mellom anna omhandlar rus. Politi, prest, skulehelsetenesta og Nav deltek.

Alle trinn: Trafikktryggleik er tema på foreldremøte og i dei andre brukarutvala. Ein legg til rette for øving og ferdsel i skulens nærmiljø. Ein legg til rette og oppmuntrar elevar (og føresette) til å sykle saman til og frå skulen.


Alle frå 1.-10. klasse nyttar hjelm når dei syklar.

Elevane har eit definert område som er unna biltrafikk på hovudveg til aktivitet i skuletida.

Skulane krev sikringsutstyr jf. ordensreglementet.

Plan for heim-skule-samarbeid

Tveit skule/Nissedal ungdomsskule



Utarbeidd hausten 2019 i samarbeid mellom heim og skule

Som ein del av Udir-prosjektet: Inkluderande barnehage og skulemiljø

Representantar for FAU: Roy Åge Homme, Camilla Marie Tveit og Aud Synnøve Skårdal

Representantar for skulen: Linda Solberg, Julia T. Volline og Reidun Carol Retterholt

Kvifor har vi ein plan for heim-skulesamarbeidet?

Opplæringslova § 1-1. Formålet med opplæringa

Opplæringa i skole og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring

Forskrift til opplæringslova § 20-1. Formålet med foreldresamarbeid

Skolen skal sørge for samarbeid med heimen, jf. Opplæringslova § 1-1...

Foreldresamarbeid skal ha eleven i fokus og bidra til eleven sin faglege og sosiale utvikling. Eit godt foreldresamarbeid er ein viktig ressurs for skolen for å styrkje utviklinga av gode læringsmiljø og skape læringsresultat som mellom anna fører til at fleire fullfører vidaregåande opplæring.

Udir-7-2010 om foreldresamarbeid, kap. 3

Det er foreldra som har hovudansvaret for oppdraging av barna sine, mens skulen har ansvaret for opplæringa, herunder fagleg innhald, arbeidsmåter og organiseringa av opplæringa og at eleven får eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Skulen har ansvar for å samarbeide med foreldra om opplæringa for å skape forståing for arbeidet som blir gjort, og sikre naudsynt oppfølging

Dette er foreldra og skulen samde om at er viktig for eit godt heim-skulesamarbeid

Informasjonsflyt	Medverknad	Positivitet
Ærlighet	Respekt	Låg terskel for kontakt
Lyttande	Tillit	Framsnakke kvarandre
Tilbakemelding etter henvendingar	Klare forventningar	Tett dialog

Hugs at dette gjeld både for deg som forelder og for oss som skule.

Felles ansvar for eit godt samarbeid med felles mål:

God opplæring og godt læringsmiljø for alle elevar på
Tveit skule/Nissedal ungdomsskule

Brukarmedverknad:

Desse brukarorgana har vi i skulen

- Elevrådet
 - Elevar i 5.-10.klasse
 - 2 elevar vald kvar haust frå kvar klasse
 - Leiar blir vald blant representantane frå ungdomsskulen
 - Nestleiar blir vald blant representantane frå mellomsteget
 - 10 møte i skuleåret (kvar månad)
 - Leiar og nestleiar sit som representantar i SU og SMU
 - 1 representant blir vald som SMU-representant
 - *Elevrådet skal fremje fellesinteressene til elevane på skolen og arbeide for å skape godt lærings- og skolemiljø.*
 - *Rådet skal også kunne uttale seg i og komme med framlegg i saker som gjeld nærmiljøet til elevane.*
 - Sjå lovtekst i opplæringslovas § 11-2
- Foreldrerådet
 - Alle foreldre/føresette med barn på skulen er medlemmer.
 - *Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og medverke til at elevar og foreldre tek aktivt del i arbeidet for å skape godt skolemiljø.*
 - *Foreldrerådet skal arbeide for å skape godt samhald mellom heimen og skolen, leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hjå elevane og skape kontakt mellom skolen og lokalsamfunnet.*
 - Sjå lovtekst i opplæringslovas § 11-4
- FAU (Foreldras arbeidsutval)
 - 2 representantar frå kvar klasse
 - 4 møte årleg
 - Leiar og nestleiar sit i SU/SMU
 - Leiar er nestleiar i SU/SMU
 - Har utarbeidd eigne vedtekter
 - Sjå lovtekst i opplæringslovas § 11-4, siste ledd
- SMU (Skolemiljøutvalet)
 - Består av: Politisk representant, 2 representantar frå FAU, 2 representantar frå elevrådet, 1 SMU-representant frå elevrådet, 2 representantar frå lærarane, 1 representant frå andre tilsette og 1 representant for kommunen (rektor).
 - Foreldre og elevar skal til saman vere i fleirtal.
 - Politisk representant er leiar
 - FAU-leiar er nestleiar
 - *Skolemiljøutvalet skal medverke til at skolen, dei tilsette, elevane og foreldra tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skolemiljø.*
 - *Skolemiljøutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skolemiljøet, jf. kapittel 9a.*
 - Sjå lovtekst i opplæringslova § 11-1a
- SU (Samarbeidsutvalet)
 - Skulens øvste brukarorgan
 - Samansett som SMU, men utan elevrådet sin SMU-representant
 - Samarbeidsutvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen
 - Sjå lovtekst i opplæringslova § 11-1

Vi har desse brukarundersøkingane:

- Elevundersøking for 7. og 10. klasse frå Udir – kvar haust (November)
- Spekter – ikkje anonym spørjeundersøking for elevar frå 3.-10. klasse to gonger årleg. Undersøkinga blir teke før elevsamtalane. Erstattar tidlegare sosiogram.
- Full brukarundersøking frå Udir kvar 4. haust: 2018, 2022, 2026, osv
 - Elevar frå 5.-10. klasse
 - Foreldre
 - Lærarar

Samtykke for deltaking på utviklingssamtalar for ikkje sambuande foreldre

- Dersom ein av foreldra får ein ny partner, må det ligge føre samtykke frå den andre forelderen (med foreldrerett) før ny partner kan delta på foreldremøte, utviklingssamtalar, få informasjon om eleven frå skulen, osv.
- Skriftleg samtykke leverast til skulen

Aktive foreldre i utvikling av eit godt skulemiljø!

Foreldras engasjement er viktig for å utvikle eit godt skulemiljø. På FUG.no finn de mange gode tips og råd: <https://www.fug.no/hvordan-skape-et-godt-skulemiljoe.403980.no.html>

Tidlegare «Plan for brukarmedverknad» utgår ved innføring av denne planen.

Heim – skule - kontakt

- Skulen må hugse på å bruke eit språk som foreldra forstår
- Kontaktlærarar og faglærar har to timer kvar ila veka som er «kontakttid», elles ved behov. Informasjon om dette finn du i Showbie (1.-4. klasse) og One Note (5.-10. klasse)
- Ikkje kontakt etter kl 20 eller i helg. Respekt for at dei ikkje er lærarar 24/7. Unntak ved alvorlege hendingar som ikkje kan vente.
- Faglærarar har to tidspunkt ila veke som er kontakttid. Ønskje om meir kontakt med faglærarar.
- Stor takhøgde for tilbakemeldingar både vegar, minn kvarandre på det om det trengs
- Fortel eleven om noko som har skjedd på skulen som høyrast forferdeleg ut?
 - Sei til eleven at du vil kontakte skulen for å høyre skulen sin versjon
 - Tidleg og open dialog løyser det meiste
- Når tek skulen kontakt med heimen?
 - Ved bekymringar kring det faglege eller sosiale som ikkje kan vente til utviklingssamtale
 - Anmerkingar ligg i Visma, og foreldra kan til ein kvar tid logge seg på der og sjå status. Ved alvorlege hendingar og gjentekne anmerkingar tek skulen direkte kontakt
 - Dersom eleven ikkje kjem til skulen og vi ikkje har fått melding om frávær.

- Skulen har hovudansvaret for samarbeidet og er den profesjonelle parten. Likevel er det viktig at foreldra er engasjerte i samarbeidet, er opne for forslag og å finne gode tiltak saman.
- Saksgang ved spørsmål:
 1. Kontakt direkte til den tilsette spørsmålet gjeld
 2. Kontaktlærer
 3. Rektor
 4. Skulesjef

Sjølv om det kan følast vanskeleg, er det viktig å kome i direkte dialog med den det gjelder, og vere så konkret som mogleg. Det er lite fruktbart for ein tilsett å få ulne beskjedar som «Nokon har ringt og sagt at du har gjort.....» Det skapar usikre tilsette og fokuset blir ikkje på å løyse den konkrete problemstillinga.

Som i sakar som gjeld skulemiljø (9a) og elles i konfliktakar er det ein gjeldande rett at alle skal få lov til å få innsyn i saka si, og uttale seg.

Skulestart:

- Innskriving – februar/mars kvart år
 - Personleg brev blir sendt til dei førskulebarna vi har registrert i kommunen
 - Annonse i avis for å fange opp ev. andre
 - Førskulebarna møter opp saman med foreldre
 - Rektor og ny kontaktlærer møter. Dersom ny kontaktlærer ikkje er klar, møter lagleiar for småskulen
 - Ha med fødselsnummer på eleven
- Førskuledagar – mai/juni kvart år
 - To halve dagar
 - Personleg invitasjon blir sendt til førskulebarna
 - Mogleg å ta buss til skulen for dei som ønskjer det (Må tingast)
 - De må avtale direkte med barnehagen om dei skal følgje elevane eller ikkje
 - Utdeling av skulesekk frå «Trygg trafikk»
- Første skuledag
 - Heil dag, som dei andre trinna
 - Foreldra er velkomne til å vere med første dag, men det er fint om eleven får prøve seg åleine utover dagen

Faste møtepunkt med skulen i løpet av skuleåret

- Open skule (2 dagar)
 - Tidleg etter oppstart
 - Alle lærarar, faglærarar og andre tilsette tilgjengelege
 - Vrimle i fleirbrukshallen? Kake og kaffi?
 - Kan vi utfordre FAU på bevertning denne kvelden?
 - Rektor: felles informasjonsbit
 - Til slutt: Foreldregruppene samlast klassevis til foreldresamarbeid:

- Felles regler? Spel, leggetid, innetid, alkohol og tobakk -> ettersom aktuelt for trinnet
- Tilbod om «speed dating» (15 min) med kontaktlærer tidleg på hausten i 1., 5. og 8. klasse, og elles om det har vore bytte av kontaktlærer
- Foreldremøte på alle steg haust og vår. Set inn tidspunkt (sjå årshjul)
 - Tidlegst oppstart kl. 17.30
 - Set av 1,5 time til alle foreldremøte, slik at foreldra får tid til å drøfte FAU-sakar, t.d.
 - Oversikt over fast innhald på ulike steg
 - Helsesjukepleiar
 - Nasjonale prøver våren før 5. 8. og 9. klasse
 - Trafikksikringsplanen
 - 9a – alltid
 - Rektor møte på faste steg?
 - Alltid val av foreldrekontaktar på våren. Informasjon om FAU (mandat, møter, osv) før valet. Oppmode til ein av kvart kjønn.
 - Vår 9. klasse: Sentrumsordning for elevane i 10. klasse neste haust?
 - Haust 5. klasse: Informasjonsskriv ut om retningsliner for foreldredrivne turar i skuletida.
 - Leirskule og overgang til ungdomssteget i 7. klasse
 - Overgang 4.-5. klasse – kontaktlærer på 5. trinn (ev. lagleiar) med
- Storforeldremøte
 - Servering av kaffi og te
- Sterk og klar
 - Ungdomstrinnet
 - Tema
- Utviklingssamtalar
 - 45 minutt
 - Tilbod om nytt møte dersom dette ikkje var tilstrekkeleg
 - Lovtekst om tidspunkt
 - 10. klasse tidlegare på våren
 - Når skal eleven vere med. Ha med lovtekst også her om retten til å vere med.
 - Høve til å treffe faglærarar? Lage eigne avtalar. Hugs å kontakte faglærarar i kontakttida også.
 - Antall sjanser ved utelatt møte

Samarbeidsfora digitalt:

- Showbie
- One Note/Klassenotatblokk
- Teams (sende spørsmål direkte til faglærer)
- Visma
 - Fråvær/melding
 - Anmerkning (alle steg)

Fråvær

- Ring eller send melding om eleven ikkje kommer. Skulen etterlyser dersom vi ikkje har høyrd noko.
- Søknad om fri
 - Kontaktlærer 1-2 dagar
 - Fri utover dette : elektronisk søknadsskjema www.niss.....
 - NB! 3 veker behandlingstid!
- Flytskjema bekymringsfult fråvær

Ordliste

- Mykje brukte ord i skulen:
 - Klasseleiing
 - TPO/tilpassa opplæring
 - KOM MED FORSLAG HER!

Facebook – eiga side for Tveit skule/Nissedal ungdomsskule